

Vekeplan for 7. trinn veke 51

Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.30-09:30	Lesekvart Julegudstjeneste kl 9-10	Lesekvart Norsk	Mat og helse	Juleverkstad 4. til 7.trinn	Julesongsamling med juletreong
09:30-09:45					
09:45-10:40	Matte	Engelsk	Vi lagar rundstykkar til lunsj på fredag	Ta med forkle	
10.40-11:30	Mat og midttide				
11:30-12:30	Klassens time Vi ser Troll 2 	Gurkemeisterskap Kven vinn den "Gylne bindersen"?	Jul-Olympiade		Julelunsj i klassen Vi dekker til smørjelunsj. Du har fått liste med deg om kva du skal ta med. Ferdig kl 11:45
12:45-13:45					
13:45-14:45					
	Slutt 13:45	Slutt 13:15	Slutt 13:30	Slutt 13:15	Slutt 11:45

Hugs:

- Ta med til smørjelunsj på fredag.
- Finn ein vits eller gåte som du vil dele med klassen på fredag.
- Alt som ligg i garderoben må du ta med heim på fredag.
- Ta med pose/sekk til å bere med heim prosjekt frå juleverkstad.



Informasjon heim.

Då har vi kome til den siste skuleveka i år. Denne veka kjem vi til å bryte litt opp den vanlege timeplanen og ha ei fin blanding av faglege aktivitetar og koselege førjulsstunder.

På måndag er det skulegudsteneste kl. 09.00. Nokre av elevane på 7. trinn skal lese juleevangeliet. Dei elevane som ikkje skal i kyrkja, får eit alternativt opplegg her på skulen. Etter midttimen er gymsalen oppteken, så det blir ingen gym denne dagen.

På tysdag blir det "Gurkemeisterskap" i klassen. Dette er eit kortspel der elevane spelar kampar og kan kvalifisere seg til ein spennande finale. Vinnaren stikk av med den tradisjonsrike premien «*Den gylne bindersen*» 😊.

På onsdag arrangerer vi jul-olympiade i gymsalen saman med 6. trinn. Dette er samarbeidsoppgåver inspirert av *Mesternes Mester*, der elevane må jobbe saman, vere kreative og vise god lagånd. Her er det samarbeid og innsats som står i fokus – ikkje berre det å vinne.

På torsdag skal vi ha juleverkstad heile dagen. Elevane blir delte inn i grupper, og alle skal gjennomføre tre ulike stasjonar. Ei av stasjonane er peparkakebaking på kjøkkenet, så ta med forkle om du har. I midttimen får elevane ein hotdog kvar, så dei treng ikkje å ha med så mykje mat denne dagen.

På fredag startar vi dagen i gymsalen, der heile skulen samlast til felles songsamling og juletregong. Etterpå går vi tilbake til klasserommet og har ei koseleg julelunsj. Elevane har med det som står på smørjelunsj-lista, og vi dekker langbord i klassen. Under lunsjen blir det tid til å dele vitsar og gåter. Etterpå ryddar vi saman, og elevane tek med heim alt som ligg i garderoben, samt prosjekt frå juleverkstaden. Skuledagen blir avslutta kl. 11.45.